



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Møterom A, Rådhuset  
**Dato:** 30.04.2007  
**Tid:** 15:35

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Aarflot Kalland	Leiar	SP
Gunnar Strøm	Nestleiar	SV
Gunnhild Humberset	Medlem	AP
Bjarte Humberset	Medlem	V
Marthe Styve Holte	Medlem	SP
Arild Iversen	Medlem	KRF
Gerd Botn Brattli	Medlem	KRF
Jon Georg Dale	Medlem	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Heltne	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tine Berg Nordahl	Jan Heltne	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jarle B. Krumsvik	Administrasjonssjef

Utdelte skriv:

- Sammendrag av innstillingen frå AP, SV, SP og Venstre til forvaltningsreformen.
- Brev frå enøk-senteret til FSK sak 42/07, arkivsak 2007/840.

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 37/07	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 38/07	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 42/07	<b>Energi- og miljøplan for Volda kommune</b>
PS 39/07	<b>Avtale om leige av grunn i området Volda skisenter Reset</b>
PS 40/07	<b>Regioninndelinga – høyring</b>
PS 41/07	<b>Utbygging Hamnekvartalet</b>
PS 43/07	<b>Søre sunnmøre innkjøpssamarbeid (SSIS) - ny samarbeidsavtale.</b>

## **PS 37/07 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Sak 42/07 vert handsama først i møtet.

Ekstra sakliste med 2 saker var lagt på bordet.

Ordføraren kom med framlegg om at fylgjande sak skulle setjast på saklista:

- Søre sunnmøre innkjøpssamarbeid (SSIS) Ny samarbeidsavtale sak 43/07
- Delegasjonsreglement – endring sak 44/07

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste med tillegg av sak 43/07 vart samrøystes godkjent.

Sak 44/07 vart fleirtal for å utsette til neste møte.

---

---

## **PS 38/07 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Protokoll frå forrige møte vart samrøystes vedteken.

---

---

## **PS 42/07 Energi- og miljøplan for Volda kommune**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Det skal utarbeidast energi- og miljøplan for heile kommunen ved innleige av ekstern konsulent.*

*Ut frå vurdering av innhenta tilbod vert Vestnorsk Enøk AS tildelt oppdraget med utarbeiding av energi- og miljøplan for Volda kommune.*

*Ramma for planarbeid, ansvar 1200 teneste 3010, vert å auke med 149000,- kr, finansiert slik:*

<i>Støtte frå Enova</i>	<i>94500,- kr</i>
<i>bruk av disposisjonsfondet</i>	<i>54500,- kr</i>

**Handsaming:**

Arild Iversen spør om han er ugild og Ordførar spør om ho er ugild. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Vedtak om ugildskap:

Arild Iversen vart samrøystes kjend ugild. Ordførar vart samrøystes kjend ugild.

Det var såleis 7 medlemer og møtande varamedlemer til stades i denne saka.

Det var lagt på bordet brev frå enøk-senteret motteke 30.04.07.

Bjarte Humberstet kom med framlegg om å utsette saka:

*Adm. vert beden om å vurdere tilbodet frå Enøksenteret.*

**Røysting:**

Utsettingsforslaget fekk 6 røyster og vart vedteke. Adm. sitt framlegg fekk 1 røyst

**Tilråding frå Formannskapet - 30.04.2007**

*Adm. vert beden om å vurdere tilbodet frå Enøksenteret.*

---

---

**PS 39/07 Avtale om leige av grunn i området Volda skisenter Reset**

**Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Framforhandla avtale vert ikkje godkjent*
- 2. Forhandlingsutvalet vert beden om å starte forhandlingar med sikte på frivillig grunnavståing. Dersom dette ikkje let seg gjennomføre vert administrasjonssjefen beden om å førebu ei sak om oreigning.*

**Handsaming:****Framlegg frå ordførar:**

*Volda kommunestyre bed administrasjonen om å innarbeide dei endringar som grunneigarane har gjeve si tilslutning til, gjort kjendt i brev frå advokat Hove datert 19.04.07. Signert avtale vert å legge fram for endeleg godkjenning av Volda kommunestyre den 31.mai 07.*

*Volda kommunestyre bed administrasjonen/forhandlingsutvalet om å framforhandle utkast til framleigeavtale mellom Volda kommune og Volda skisenter AS. Ein bed om å få avtalen til handsaming i kommunestyre den 31.mai.*

**Røysting:**

Ordførar sitt framlegg fekk 9 røyster og vart då samrøystes vedteke.

Adm. sitt framlegg fekk ingen røyster.

**Tilråding frå Formannskapet - 30.04.2007 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre bed administrasjonen om å innarbeide dei endringar som grunneigarane har gjeve si tilslutning til, gjort kjendt i brev frå advokat Hove datert 19.04.07. Signert avtale vert å legge fram for endeleg godkjenning av Volda kommunestyre den 31.mai 07.*

*Volda kommunestyre bed administrasjonen/forhandlingsutvalet om å framforhandle utkast til framleigeavtale mellom Volda kommune og Volda skisenter AS. Ein bed om å få avtalen til handsaming i kommunestyre den 31.mai.*

---

---

**PS 40/07 Regioninndelinga - høyring****Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.*

*Volda kommunestyre meiner at det bør bli overført fleire oppgåver innan kultur, Innovasjon Noreg sin virkemidlar, forskning, utdanning, folkehelse og samferdsel. T.d. bør Statens Vegvesen kunne omorganiseras slik at kvar region får sitt eige vegkontor, og at naudsynte nasjonale funksjoner vert verande i Vegdirektoratet.*

*Under ovannemnde føresetnader meiner Volda kommunestyre at Regionmodellen bør veljast, og då slik at grensene for det noverande Vestlandsrådet utgjer region Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal).*

**Handsaming:****Framlegg frå Ordførar:**

*Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.*

+Nytt avsnitt 2

*Med bakgrunn i Inst.S nr.166 frå kommunal- og forvaltningskomiteen om Regionale fortrinn – regional framtid meiner Volda kommune at ein forsterka fylkesmodell der Møre og Romsdal fylke vert ein region er både framtidsretta og ein styrke for demokratiet. Volda kommune meiner at modellen med enhetsfylket må vidareførast og vidareutviklast.*

### **Framlegg frå Jon Georg Dale, Volda FRP**

*Volda kommunestyre vil be Stortinget velge ein forvaltningsmodell der ein går vekk frå tre forvaltningsnivå. Volda kommunestyre meiner at Stortinget bør legge fleire av dei no fylkeskommunale oppgåvene til kommunane.*

### **Framlegg frå Gunnar Strøm SV**

*Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.*

Nytt pkt.2

*Volda kommunestyre meiner at det bør bli overført fleire oppgåver innan kultur, Innovasjon Noreg sin virkemidlar, forskning, utdanning, folkehelse og samferdsel.*

Nytt pkt.3

*Under ovannemnde føresetnader meiner Volda kommunestyre at Regionmodellen bør veljast, og då slik at grensene for det noverande Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal utgjør den nye regionen.*

### **Røysting:**

Adm. Sitt framlegg samrøystes falt.

Dale sitt framlegg fekk 1 røyst og falt.

Ordførar sitt framlegg fekk 6 røyser og vart vedteke.

Strøm sitt framlegg fekk 2 røyser og falt.

### **Tilråding frå Formannskapet - 30.04.2007 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.*

*Med bakgrunn i Inst.S nr.166 frå kommunal- og forvaltningskomiteen om Regionale fortrinn – regional framtid meiner Volda kommune at ein forsterka fylkesmodell der Møre og Romsdal fylke vert ein region er både framtidsretta og ein styrke for demokratiet. Volda kommune meiner at modellen med enhetsfylket må vidareførast og vidareutviklast.*

---

---

#### **PS 41/07 Utbygging Hamnekvartalet**

##### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre godkjenner at avtale vedteken 21.12.04 mellom utbyggingsgruppa og Volda kommune, vert transportert til Hamnekvartalet AS (SUS), i samsvar med søknad av 17.4.07 frå utbyggingsgruppa v/adv. Sande.*

*Kommunestyret set som føresetnad at utbyggingsgruppa sine representantar framleis er personleg og solidarisk ansvarleg overfor Volda kommune for dei pliktene også av økonomisk art som følgjer av avtalen av 21.12.04.*

##### **Handsaming:**

##### **Røysting:**

Framlegget frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

##### **Tilråding frå Formannskapet - 30.04.2007 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner at avtale vedteken 21.12.04 mellom utbyggingsgruppa og Volda kommune, vert transportert til Hamnekvartalet AS (SUS), i samsvar med søknad av 17.4.07 frå utbyggingsgruppa v/adv. Sande.*

*Kommunestyret set som føresetnad at utbyggingsgruppa sine representantar framleis er personleg og solidarisk ansvarleg overfor Volda kommune for dei pliktene også av økonomisk art som følgjer av avtalen av 21.12.04.*

---

---

#### **PS 43/07 Søre Sunnmøre innkjøpssamarbeid (SSIS) - ny samarbeidsavtale.**

##### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre godkjenner "Samarbeidsavtale om felles kommunale innkjøp" slik den går fram av vedlegg 1 dagsett 23.1.2007*

##### **Handsaming:**

**Framlegg frå Bjarte Humberstet Volda Venstre**

*Volda kommune oppmodar styret for SSIF sjå til at ein kjøper miljøvennlege varer og tenester når det er mogleg. Og at ein vel grøne alternativ ved kjøp av til dømes mat, bilar, drivstoff m.m.*

**Røysting:**

Framlegget frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Bjarte Humberstet Volda Venstre vart samrøystes vedteke.

**Tilråding frå Formannskapet - 30.04.2007 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner "Samarbeidsavtale om felles kommunale innkjøp" slik den går fram av vedlegg 1 dagsett 23.1.2007*

*Volda kommune oppmodar styret for SSIF sjå til at ein kjøper miljøvennlege varer og tenester når det er mogleg. Og at ein vel grøne alternativ ved kjøp av til dømes mat, bilar, drivstoff m.m.*

---

Møtet slutt kl. 17:55

Rett utskrift,  
VOLDA KOMMUNE, Servicekontoret  
30.april 2007

Bente Kristin Krøvel  
sekretær